



**KRAFT**  
MUSEET



# ÅRSRAPPORT 2019

*Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med eigne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.*

*Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.*

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Leiderne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

*Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:*

***Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.***

***Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonna.***

***Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har også som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).***

## **INNHOLD**

1. Organisasjonen	s. 3
2. Økonomi	s. 4
3. Fornyning	s. 5
4. Forvalting	s. 7
5. Formidling	s. 8
6. Forsking	s. 12
7. Oppsummering	s. 13
8. Revisjonsmelding	s. 14
9. Resultatrekneskap og balanse	s. 16
10. Notar	s. 18

## 1. Organisasjonen

<b>Direktør</b>	Knut Markhus
<b>Administrasjonsleiar</b>	Mette Haraldsen
<b>Avdelingsleiarar</b>	Svein Jåstad Åsne Dolve Meyer
<b>Styret</b>	Rolf Nesheim, styreleiar (Hordaland fylkeskommune) Toralv Mikkelsen, nestleiar (Odda kommune) Trude H. Letnes (styreoppnemnt) Tore M. Sellæg (Norsk Industri) Hans Henrik Haukaas (Statkraft) Margit Aga Jordal (LO i indre Hardanger) til 17.7.2019 Dijana Saga (LO i indre Hardanger) frå 17.7.2019 Bjørn Seim (Museumslaget) Svein Jåstad (tilsette sin representant) til 18.2.2019 Gro Tyssedalstveit Kollbotn (tilsette sin representant) frå 18.2.2019 Observatør Brigt Olav Samdal (NVE)
<b>Revisor</b>	Odda Revisjon AS/ v statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære styremøte i 2019 og handsama i alt 26 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2019 utført 15,8 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. Av 16 faste tilsette vart det utført 13,8 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 1,4 årsverk, gjennomført av i alt 11 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 6 menn og 10 kvinner. Direktør er mann, dei to avdelingsleiarane er ein mann og ei kvinne. Kvinneandelen i styret er 37,5 %.

Kraftmuseet hadde i 2019 eit sjukefråvær på 6,6 % mot 4,27% i 2018. Langtidssjukefråværet var på 5,0 % mot 3,1 % i 2018. Korttidssjukefråværet gjekk frå 1,18 % i 2018 til 1,6 % i 2019. Det var éi arbeidsulukke i museet, der ein tilsett i firma som arbeidde for oss vart skadd.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse 1. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Museet samarbeider med ei rekke aktørar, som NVE, Odda kommune, Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene, og ulike museum. Visit Hardangerfjord er samarbeids-part innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar vi tett saman med Trolltunga Active og Odda turistkontor. Museet samarbeider med lokale verksemder og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpa varer og tenester lokalt. Museumslaget for Kraftmuseet er også ein viktig samarbeids-partner for museet.

## 2. Økonomi

Kraftmuseet sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, tilskot frå stiftingar o.l., sponsorinntekter og eigeninntekter.

Årsrekneskapen for 2019 viser eit resultat på kr. 1 043 462. Kr. 627.901 er bundne midlar til FDV. Stiftinga har pr. 31.12.2019 fri eigenkapital på kr. 4 104 242. Museet har opptent eigenkapital på kr. 6 921 194 (sjå note 11). Styret viser til note 15 i årsrekneskapen: Dersom netto pensjonsplikter vert balanseført, vil museet ha positiv opptent eigenkapital på kr. 2 560 570.

Overskotet skuldast hovudsak auka lønsrefusjonar som sjukepengar frå NAV og lønsrefusjonar for politisk arbeid o.a. Utan dette ville rekneskapen balansert med knappe 100 000 i overskot. Vi har òg valt å framleis styrka eigenkapitalen, med tanke på framtidige investeringar.

Av omsetting på kr. 17 829 953 var offentleg tilskot kr. 13 601 335 og annan inntekt kr. 4 228 618. Av annan inntekt er kr. 2 135 561 eigeninntekter i form av billettinntekter, sal butikk, kafé og catering, utleige, gåver og sal av tenester.

Museet har positiv utvikling når det gjeld eigeninntekter, men baserer likevel drifta på offentlege tilskot. Sektorprinsippet fungerte ikkje etter intensjonen i 2019, ved at AST ikkje ytte midlar til innvendig vedlikehald i Tyssedal kraftverk. Det einaste vi sat att med til FDV var lønsmidlar frå Riksantikvaren. Arbeidet med å finna ei stabil og tilstrekkeleg ekstern finansiering av vedlikehaldet heldt fram i 2019. Vi fekk eit løft i driftstilskotet frå Odda kommune, medan Hordaland fylkeskommune heldt same tilskotsnivå som tidlegare.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilet av stoda til stiftinga Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2019.

 HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

KALENDER LEDIGE STILLINGAR OM OSS Søk deg fram... 

[hordaland.no](#) / Nyheitsarkiv / 2019 / Delte ut 18 millionar kroner til kultur





KULTURDRYSS: Kraftmuseet i Tyssedal fekk 1,4 millionar kroner til å etablere eit senter kring fotografen Knud Knudsen.

### Delte ut 18 millionar kroner til kultur

I det aller siste møtet til utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland delte politikarane ut over 18 millionar kroner til diverse kulturelle tiltak, mellom anna 6,6 millionar kroner til kulturelle utviklingsprosjekt (KUP).

*Godt tilslag på søknader om tilskot til prosjekt, var med på å gje eit godt driftsresultat i 2019. Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune valde å prioritera Knud Knudsen-prosjektet høgst av alle søknadene til Kulturelt utviklingsprogram.*

### 3. Fornying

Dei første månadene i 2019 arbeidde administrasjonen med ny strategisk plan for perioden 2019-2024. Planen vart godkjend i styremøte 17. juni. I hovudmålet tek me ut essensen av føremålsparagrafen, og legg inn element frå dei forventingar som blir sett til konsoliderte museum både frå styremaktene og samfunnet rundt oss:

«Kraftmuseet skal vera eit sterkt museumsfagleg miljø som med engasjement og kvalitet forvaltar og formidlar kulturminne og historie. Museet skal vera relevant i samtida, og det leiande museet nasjonalt innan våre hovedtema.»

Strategiane for planperioden er samla i fem punkt:

1. Kraftmuseet skal ta ei sterkare samfunnsrolle
2. Kraftmuseet skal utvida og utvikla publikumsarenaer
3. Kraftmuseet skal nå nye grupper med formidlinga
4. Kraftmuseet sine kulturminne skal ha profesjonell forvalting
5. Kraftmuseet skal driva kunnskapsutvikling nasjonalt og internasjonalt

For å lukkast i strategiane, er det ein føresetnad å bygga kompetansen i museet. I 2019 har fleire tilsette delteke på kurs og seminar, både i Noreg og utlandet.

Kraftmuseet har tatt nye steg for å verta ein stadig meir attraktiv kompetansearbeidslass. Vi opplever at museet sitt arbeid får aukande respekt både lokalt og nasjonalt. Ikkje minst opplever vi at museet gjennom 2019 sterkare vart anerkjent som ei konstruktiv kraft i utviklinga av lokal samfunnet. Eksternt samarbeid, mellom anna i NVE si museumsordning, er kompetansebyggande, og styrkar museet sitt faglege nettverk.

Kraftmuseet arbeidde vidare med å auka museet sin aktivitet i Odda sentrum. Vi inngjekk ein tjue års leigeavtale for Lindehuset der museet tek på seg å utvikla dette til kombinert regionalt kulturhus og museum. I samarbeid med arkitekt, fylkeskonservator og andre ressursar utvikla vi eit konsept vi søkte om finansiering til. Det kom ikkje midlar i 2019, og arbeidet med dette held fram. Som ein del av utviklinga av Lindehuset overtok vi prosjektleiinga for Knud Knudsen-senteret. Her fekk vi gode tilslag på søknader om finansiering, og hadde òg god framgang i arbeidet med konsept og innholdsproduksjon. Mellom anna hadde vi ei eigenprodusert Knudsen-utstilling i Lindehuset. Knudsen-prosjektet kan gje draghjelp til utviklinga av totalprosjektet Lindehuset.




Strategisk plan, godkjend i juni 2019.

Industriarkivet jobba aktivt med det store prosjektet Boliden-arkivet, og har gjeve ein nærmare interaksjon med fabrikken. Det er meir aktivitet i Industriarkivet enn nokon gong, men vi har likevel venta med å utvida den faste staben i arkivet. Det heng saman med at mykje av økonomien er prosjektfinansiert.

Arbeid med ei fornying av KraftLaben har gått jamt framover, med fysisk arbeid i bygget og nye installasjonar. Arbeidet held fram i 2020.

Kraftmuseet hadde eit aktivt år på nasjonalt nivå, særleg gjennom NVE-samarbeidet. Museet deltok òg i ekspertgruppa for berekraft, i Norsk ICOM og Museums forbundet sitt arbeid med nye nasjonale museumsetiske retningslinjer. Meir enn på lenge, var museet òg aktivt internasjonalt. Vi hadde innlegg på INCUNA-konferanse i Spania, noko som var resultat av samarbeidet vi gjennom heile 2019 hadde med blant andre universitetet Politecnico di Torino om søknad på forskingsprosjektet HyScape til EU si Horizon-ordning.



Frå hydrogensymposiet i kraftstasjonen i april 2019. Foto: Kraftmuseet

Signal frå styremaktene året før om at det kan bli aktuelt med ein ny runde museumskonsolideringar, vart ikkje følgd opp i 2019. Slike strukturelle grep ser ut til å ha blitt sett på vent inntil regionreforma har funne form og praksis.

Det vart gjort ein intensjonsavtale mellom Kraftmuseet og Kvam herad om å innlemma Ålvik industriarbeidarmuseum i Kraftmuseet. Denne føreset offentleg finansiering av drifta, slik at overtaking først er aktuell når finansieringa kjem på plass.

Museet tok i bruk ny programvare for samarbeid og lagring internt i 2019. Programmet Teams er eit program i Office365, som samlar dokument og samtalar i ein digital plattform.

Eit viktig fornyingssteg for museet var å utvikla ein miljøguide for museet, som har bakgrunn i internasjonale avtalar som Agenda 2030 og FN sine berekraftsmål.

## 4. Forvalting

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, i Tyssedal kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefondgata som dei mest framståande. Per 31.12.2019 eigde vi eller hadde ansvar for 27 bygg, 1 freda fartøy, 12.000 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervju, vel 130 kulturhistoriske filmar, kring 150.000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 5000 einingar. I tillegg har museet ei samling av 270 privatarkiv. Kraftmuseet har registrert 54 arkiv i Arkivportalen ASTA, som gjer at publikum kan sjå at me har dei, og kva dei inneheld. Ordning av Bolidenarkivet hadde hovudprioritet i Industriarkivet, der 38-40% av arbeidet med prosjektet er gjort.

Museet hadde svært god progresjon i registreringa av kulturhistoriske foto dette året. Mange innspel frå publikum hjelpte med opplysingar om enkeltfoto. Dette betrar innhaldet vårt i DigitaltMuseum. Mange tinga òg foto, hovudsakleg digitale kopiar. Det er tydeleg at DigitaltMuseum er mykje nytta.

I samarbeid med Bevaringstenestene i Hordaland blei prosjektet ReOrg starta hausten 2019. Dette er ein metode for omorganisering av magasin for museum, der vi går gjennom deler av gjenstandssamlinga vår. Arbeidet held fram inn i 2020.

Forvalting, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftverk vart i 2019 handtert innanfor tronge rammer, grunna sektorprinsippet. Vi har likevel greidd å ikkje koma på defensiven i høve forfall. Istandsetjinga av bygg 026 smia på Smelteverket var ferdig i 2019, medan FDV-arbeidet held fram med støtte frå Riksantikvaren. KraftLaben fekk eit løft med reparasjon av puss og maling både ute og nokre rom inne. Innvendig vart dørropningane utvida og nivåskilnader utjamna for betre universell utforming.

I januar gjekk muraren vår av med aldersgrensa. På grunn av små og usikre rammer har vi knytt til oss rammeleverandørar med kompetanse og interesse innan murarfaget.

For M/Y Tysso var det meir forvalting enn formidling i 2019. Mykje viktig vedlikehald vart gjort på våren, både av fagfolk frå Hardanger fartøyvernssenter og våre eigne tilsette.



Frå REORG-prosjektet. Foto: Kraftmuseet

Industriarkivet sitt arbeid med privatarkiv har hatt betydeleg framgang, særleg gjennom prosjektet Boliden-arkivet som fleire tilsette tek del i. Vi inngjekk 3 års leigeavtale med Interkommunalt arkiv, som leiger to kontorplassar i tillegg til lagringsplass i arkivet.

Det var i 2019 god kontinuitet i arbeidet med å gjera samlingane tilgjengelege for publikum, m.a. gjennom digitalisering på plattformar som digitaltmuseum.no, på nettsida vår og på Facebook. I NVE si museumsordning arbeidde museet svært mykje med den nye digitale plattforma «Kraftlandet». Fotoarbeidet ved museet var betydeleg i 2019, både med omsyn til innsamling, sikring og ny fotografering/filming.

Det har vore eit visst trykk på arbeidet med å få på plass nytt gjenstandslager/magasin med arbeidsrom og visingsfunksjon i Bygg 026 på smelteverkstomta, men det har vist seg å vera krevjande å få inn ekstern finansiering.

I samarbeidet vårt i NVE si museumsordninga gjorde vi forvaltingsoppgåver med dokumentasjon av kulturminne og prosessar i vasskraftsektoren. Vi var testar av kulturminneskjemaet som NVE utarbeider, og bidrog med å legga inn data og utprøving av opplasting av film, foto m.m.

Når det gjeld immateriell kulturarv, har Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfag framleis god drift i smia vår i Bygg 026. I tillegg bidreg museet til den immaterielle kulturarven mellom anna ved å halda i hevd tradisjonelt handverk i vedlikehald og restaurering av anlegga våre.

Museet jobba godt med planverket i 2019. I tillegg til at vi laga strategisk plan, gjorde vi revideringar i samlingsplanen og fullførte arbeidet med «ROS-analyse med brannvernplan – komplettering av sikringsplan», som vi fekk finansiert gjennom sikringsmidlar frå Norsk kulturråd.

## 5. Formidling

2019 var eit godt og variert år for formidling på Kraftmuseet. Besøkstalet gjekk opp frå året før, frå 22 874 i 2018 til 26 682 i 2019. Den nye arenaen vår i Odda, Lindehuset, sto for ein god del av auken, og KraftLaben gjorde det også bra. Besøket i Tyssedal, med kraftstasjonen og Lilletopp, gjekk noko ned frå rekordåret 2018. Det er usikkert kva som er årsaka til dette, men det differansen skuldast antakleg vis ein sommar med därlegare vær og tilsvarande mindre besøk på Lilletopp.

Besøkstal

	2017		2018		2019	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	2 186	12 606	2 854	13 943	2 240	11 752
KraftLaben (Vitensenteret)	3 238	2 637	3 813	2 301	4 350	1 704
Andre	270	1 308	529	2 288	743	5 893
SUM	<b>5 694</b>	<b>16 551</b>	<b>7 196</b>	<b>15 678</b>	<b>7 333</b>	<b>19 349</b>
Totalt	<b>22 245</b>		<b>22 874</b>		<b>26 682</b>	

Sal av billettar gjekk også bra i 2019. Bortsett frå på Lilletopp auka vi antal selde billettar på alle arenaene våre, frå 427 000 i 2018 til 459 000 i 2019. I 2019 avtok utleige av lokale med servering, noko vi må jobba meir med i 2020.

I juni 2019 opna vi ei ny utstilling med Knudsen-bilete i Lindehuset, i samarbeid med Odda kommune. Utstillinga hadde rundt 600 vanlege besøkande, i tillegg til skuleklassar frå Odda vidaregåande skule. Utstillinga hang også under OddArt, og blei ein del av ei større utstilling i Lindehuset under arrangementet. Hausten 2019 starta vi arbeidet med ei ny fast utstilling i Tysso 1. Den har namnet «Norsk vasskraft» og blir opna sommaren 2020.

Våren 2019 kjøpte museet ei campingvogn. På sommaren blei den brukt som billettbu til Knudsen-utstillinga og KraftLaben, og vi hadde ho ute under julegateopninga som ein pop up-museumsbutikk. M/Y Tysso hadde mindre aktivitet enn året før, men deltok med suksess på Hardanger trebåtfestival.



Campingvogna "Dolly", og glimt frå Knud Knudsen-utstillinga «I møte med naturen» i Lindehuset. Foto: Kraftmuseet

Vi hadde fleire arrangement av forskjellig storleik og med variert innhald i 2019. Det første halvåret hadde vi blant anna «vitskapeleg»/historisk foredrag om øl, og markering av kvinnedagen. Siste halvdel av 2019 blei vi med på Forskarnatt, eit arrangement sponsa av Norges Forskningsråd. I november starta vi foredragsserien Drypp frå arkivet, ein lågterskel føredragsserie kvar første onsdag i månaden, og som held fram med i 2020. Vi var òg medarrangør på fleire arrangement. Norgescupen i handbak blei lagt til Lindehuset, der vi var til stades med fotoframvising. Vi var og medarrangør på Hardanger musikkfest, med konsert i kraftstasjonen og på Lilletopp, og på Norsk Hydrogenkonferanse i Tysso 1. Vi hadde to eigne foredrag under Litteratursymposiet, med «Cold Case» og «Farleg fortid». Musikalen «Albert og Leonie» blei vist i Lindehuset, og drog eit stort publikum. Under besøket frå H.M. Kongen og Dronninga i juni, føregjekk middagen i kraftstasjonen, der museet var vertskap saman med Odda kommune og Hordaland fylkeskommune.



Frå musikalen «Albert og Leonie» i Lindehuset. Foto: Kraftmuseet



Museet produserte både nye t-skjorter og andre merkevareprodukt i 2019. Foto: Kraftmuseet

Våren 2019 hadde museet mykje arbeid med profilering. Vi har fått ein grafisk profil vi er nøgd med, og har fått laga nye brosjyrar og flyerar. Plakaten blei også fornya. Det blei gjort ein god innsats for å få spreidd marknadsføringsmaterialet til heile regionen. Særleg blei det satsa på å få materialet ut til stader som turistar kan tenkast å besøka før dei kjem til Sørfjorden. Vi laga t-skjorter med nye trykk, og andre salbare marknadsføringsprodukt, som tøynett, magnetar og serveringsbrett.

Butikken i Naustbakken 3 blei oppgradert. Denne prioriteringa gav eit godt resultat, og vi selde meir varer frå museumsbutikken. Sjølv om vi ikkje heilt nådde budsjettmåla våre for 2019, var inntekter i butikken 118 000 kr. mot 104 000 kr. i 2018.

Oppgraderinga på KraftLaben kom godt i gang i 2019. Overflater blei pussa opp, og det kom på plass fleire nye installasjonar. Dei innvendige dørene vart utvida og dørstokkar fjerna, som eit ledd i å få lokalet universelt utforma. KraftLaben hadde godt besøk, både i sommarsesongen og av skuleklassar og barnehagar utanom sesongen. Gjennom KraftLaben var vi medarrangør på SMARTare energi, eit opplegg for til saman 1200 elevar på grunnskulane i heile Hordaland.



Stappfullt i KraftLaben i potetferietilbod for born og arrangementet Skål Odda! for vaksne. Foto: Kraftmuseet

Mykje av arbeidet i NVE si museumsordning hadde eit formidlingspreg. Den store satsinga er den nye nettportalen Kraftlandet, som skal formidla vassdrag- og energihistoria. Museet hadde ei svært aktiv rolle i dette prosjektet, som er i ein utviklingsfase som varer til 2022.

Museet utarbeidde òg undervisningsopplegg som nyttar seg av materialet og tema knytt til Alta-utstillinga. I 2019 fekk vi med eit undervisningsopplegg med i Den kulturelle skulesekken. Sjølve undervisninga vil gå føre seg i februar 2020, men arbeidet med å utvikla opplegget blei starta i 2019. Det heiter Demokrati på prøve, og er mynta på elevar i 8. til 10. klasse.

2019 var på det jamne når det gjeld medieoppslag. Lokalt hadde vi svært god dekning av både Hardanger Folkeblad og Radio Folgefonna. Noko redaksjonell omtale var det òg i andre aviser i regionen, og i fagtidsskrift. Museet deltok òg i historisk-fagleg rolle i ein episode om vindkraft i NRK sitt radioprogram «Desse dagar.»

Eit mediemessig høgdepunkt var dekninga av kongebesøket i juni, med god oppfølging av både TV og aviser. Dette var med på å promotera museet på ein god måte.



Frå Hardanger Folkeblad 6. august.

11

## 6. Forsking

Kraftmuseet hadde aktiv kunnskapsproduksjon i 2019, i tråd med museet sin forskingsplan. Framleis har ikkje museet tilsette med full forskingskompetanse, men styrka organisasjonen med å tilsetta ein person med høgare utdanning (prosjektstilling NVE/prosjektleiar Knud Knudsen-senter – fast stilling som rådgjevar i løpet av året).

Gjennom 2019 hadde museet tre forskingsprosjekt:

- Den tidlege industrireisinga i Odda, i samarbeid med Uni Research Rokkansenteret. Fagfelle-vurdert artikkel vart godkjend for publisering i Historisk tidsskrift mars 2020.
- Kraftverksarkitektur, funksjon og teknologi. Eit samarbeidsprosjekt koordinert gjennom NVE si museumsordning, der samarbeidspartner er Kraftmuseet, NVE, Hordaland fylkeskommune og Telemark fylkeskommune. Kraftmuseet har i forprosjektet bidrige med kjelder, referansar og eit museumsfagleg perspektiv. Dette er planlagt å ta vidare som eit hovudprosjekt. Parallelt gjekk NVE og Kraftmuseet inn som partnerar i ein søknad til EU-ordninga Horizon 2020. Arbeidet vart koordinert av Politecnico di Torino. Prosjektet fekk ikkje tilslag på søknaden. Kraftmuseet vart invitert av Politecnico di Torino til å vera partner i eit nytt og liknande prosjekt. Museet arbeidde med dette i 2019, i dialog med NVE, og søknaden vert sendt i 2020.
- Den nordiske velferdsmodellen, eit nettverksprosjekt i Nasjonalt nettverk for teknologi- og industrihistorie. Arbeidet kom godt i gang i 2019.



Kunnskapsproduksjonen til museet vert formidla på ulike arenaer. Venstre: Foredrag i Buen, Folgefonna. Foto : Kraftmuseet. Høgre: Frå forskingskonferansen «Geografías Geometrias Y Empleos» (INCUNA) i Spania. Foto: INCUNA

Av publikasjonar leverte museet den omfangsrike artikkelen «The Power Museum – Local development programmes, the process and the territorial impact.» Denne kjem på trykk på engelsk og spansk i boka Colección Los ojos de la Memoria i 2020. Vi skreiv også to kapittel i boka «Når fortida blir framtida», utgjeven av Industrianleggenes fellesråd.

I tillegg utførte vi kontinuerleg kunnskapsproduksjon til våre eigne formidlingsopplegg og heimesider/Facebook.

## 7. Oppsummering

2019 var eit framgangsrikt men også krevjande år for Kraftmuseet. Vi fekk eit godt resultat i produksjon, besøkstal og omsetting i butikk. Grunna sviktande ekstern finansiering av FDV i Tyssedal kraftverk, var året krevjande økonomisk. Med stram økonomistyring greidde museet eit bra driftsresultat. Det kom òg gode tilskot til prosjekt, men ikkje til utviklinga av Lindehuset, som er den største sat-singa. Dette gjev museet tid å gjera prosjektet endå betre, noko me starta på i 2019. Strategiplanen var viktig å få på plass, og denne legg opp til ei sterk utvikling av Kraftmuseet. Dei tilsette jobba svært godt, og organisasjonen er kraftfull og kompetent.

Tyssedal 24. februar 2020

Knut Markhus, direktør

## 8. Revisjonsmelding



Rev.nr./Org.nr. 997 726 316 MVA  
Kremarveien 3, 5750 Odda  
Telefon: 53 64 32 24, Faks: 53 64 41 41  
[post@oddarevisjon.no](mailto:post@oddarevisjon.no), [www.oddarevisjon.no](http://www.oddarevisjon.no)  
Bankgiro: 3530.25.53643

### UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styre i Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

#### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

##### *Konklusjon*

Vi har revidert stiftelsen Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum årsregnskap som viser et overskudd på kr 1 043 462. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Øvrig informasjon*

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i Årsrapport 2019, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen. Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen. I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

##### *Styret og direktørs ansvar for årsregnskapet*

Styret og direktør (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig

for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

**Uttalelse om øvrige lovmessige krav**


*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkle revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

*Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig

ODDA, 24. februar 2020  
Odda Revisjon AS

  
Nils Magnus Berge  
Statsautorisert revisor

## 9. Resultatrekneskap og balanse

### Resultatregnskap

#### Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

	Note	2019	2018
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Salgsinntekter		1 365 839	1 082 975
Billettinntekter		459 186	427 004
Tilskudd fra Odda Kommune		1 346 000	1 256 000
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	9 355 335	9 310 971
Andre tilskudd	2	3 661 088	3 059 656
Årets inntektføring av periodiserte tilskudd		1 331 970	930 334
Andre driftsinntekter		310 536	423 926
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>17 829 953</b>	<b>16 490 866</b>
Varekostnad		317 465	315 762
Lønnskostnad	3, 15	10 037 492	9 598 874
Avskrivning varige driftsmidler	4, 12	208 302	161 020
Kostnader lokaler		1 813 311	1 574 796
Honorarer	3	1 641 843	904 270
Kontorkostnader		387 960	388 705
Reiser og kilometergodtgjørelse		261 931	299 063
Reklame, annonser og representasjon		211 403	224 034
Udstillinger og formidling		121 711	50 594
Serviceavtaler og forsikringer		159 327	154 966
Vedlikehold bygninger og utstyr		1 113 581	1 158 411
Andre driftskostnader		466 593	522 833
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso"		38 368	40 393
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>16 779 288</b>	<b>15 393 720</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 050 665</b>	<b>1 097 145</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Annen renteinntekt		59 883	53 171
Annen finansinntekt		26 632	37 589
Annen rentekostnad		91 371	89 995
Annen finanskostnad	5	2 347	154
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-7 203</b>	<b>611</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>1 043 462</b>	<b>1 097 756</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>1 043 462</b>	<b>1 097 756</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Overført til/ fra disposisjonsfond		0	681 530
Overført til/ fra vedlikeholdsford		277 472	278 223
Overført til/ fra nettleigefond		350 429	138 003
Overført til/ fra annen egenkapital		415 561	0
<b>Sum overføringer</b>		<b>1 043 462</b>	<b>1 097 756</b>

## Balanse

### Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

	Note	2019	2018
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Stiftelseskapital	11	260 000	260 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>260 000</b>	<b>260 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	11	2 772 812	2 357 250
Disposisjonsfond	11	1 331 529	1 331 529
Fond Vasskrafta.no	11	4 670	4 670
Vedlikeholdsford	11	2 158 707	1 881 235
Nettleigefond - fjernvarme	11	653 575	303 146
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>6 921 293</b>	<b>5 877 829</b>
<b>Sum egenkapital</b>	11	<b>7 181 293</b>	<b>6 137 829</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	12	230 000	250 000
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>230 000</b>	<b>250 000</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kreditinstitusjoner	13	2 090 944	2 153 801
Øvrig langsiktig gjeld	13	550 000	550 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>2 640 944</b>	<b>2 703 801</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		641 417	1 162 901
Skyldige offentlige avgifter		603 249	602 448
Påløpt lønn, feriepenger ol.		999 014	997 321
Forskudd prosjekter	14	2 634 303	2 231 729
Annen kortsiktig gjeld		249 194	432 915
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>5 127 176</b>	<b>5 427 313</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>7 998 120</b>	<b>8 381 114</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>15 179 413</b>	<b>14 518 944</b>

Tyssedal, 31.12.2019 / 24.02.2020

Styret for Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Rolf Nesheim  
Rolf Nesheim  
Styreleiar

Trude Hoflandsdal Lethes  
Styremedlem

Dijana Milicevic Saga  
Styremedlem

Knut Markus  
Direktør

Tore M. Sellæg  
Styremedlem

Bjørn Seim  
Styremedlem

Toralf Mikkelsen  
Nestleiar

Hans Henrik Haukaas  
Styremedlem

Gro Tyssedalstveit Kollbohn  
Styremedlem

## 10. Notar

### Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum Noter til regnskapet 2019

#### Note 1 Regnskapsprinsipper

Kraftmuseet - Norsk vasskraft og Idustristadmuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

##### Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er ført på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsførte løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

##### Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrekk i eiendelens kostpris.

##### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbıgående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

##### Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

##### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

##### Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbıgående.

##### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum  
Noter til regnskapet 2019

Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

## Pensioner

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med

Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

## Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i regnskapsåret.

## Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2019	2018
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	8 009 335	7 975 971
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 346 000	1 335 000
Tilskudd fra NVE	2 900 000	2 300 000
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft	756 831	735 656
Tilskudd fra andre	4 257	24 000
<b>Sum inntekter tilskudd</b>	<b>13 016 423</b>	<b>12 370 627</b>

Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2019	2018
Netto lønnskostnader	7 594 011	7 495 195
Styrehonorar	22 000	23 500
Arbeidsgiveravgift	998 104	945 320
Pensjonskostnader	1 294 392	1 002 874
Andre personellkostnader	128 985	131 985
<b>Sum personellkostnader</b>	<b>10 037 492</b>	<b>9 598 874</b>

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret 17,2 16,2

Museer er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

<b>Ytelser til ledende personer</b>	<b>Lønn</b>	<b>Pensjons- kostnader</b>	<b>Annen godtgjørelse</b>
Direktører	818 244	116 156	7 591
Styre	0	0	0

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet. Ingen ansatte har avtale om bonus eller særskilt vederlag ved opphør eller endring av ansettelsforhold.

Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2019 kr 73 600 eks.fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 14 375 eks. fordelt mva.

**Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum**  
**Noter til regnskapet 2019**

**Note 4 Varige driftsmidler**

	Bygninger og annen eiendom	M/Y Tysso	Driftsløsøre, transport- midler, inventar og lignende.	Sum
Anskaffelseskost 01.01	7 933 089	400 000	1 961 906	10 294 995
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	203 587	203 587
Tilgang egentlig virkning bygninger	0	0	0	0
- Avgang	0	0	0	0
- Mottatt offentlige investeringstilskudd	-3 627 626		-123 664	-3 751 290
Anskaffelseskost 31.12	4 305 463	400 000	2 041 829	6 747 292
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-480 176	-150 000	-1 632 835	-2 263 011
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-608 502	-170 000	-1 712 811	-2 491 313
<b>Bokført verdi</b>	<b>3 696 961</b>	<b>230 000</b>	<b>329 019</b>	<b>4 255 980</b>
Årets avskrivninger	128 326	20 000	79 976	
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000		
<b>Årets netto bokførte avskrivninger</b>	<b>128 326</b>	<b>0</b>	<b>79 976</b>	<b>208 302</b>
Avskrivningssats	1% - 10%	5 %	15% - 33,3%	
Avskrivningsplan		lineær	lineær	lineær

**Note 5 Investeringer i aksjer og andeler**

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelses- kost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hardanger	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	0	< 10%
<b>Sum</b>	<b>4 500</b>	<b>2 000</b>	
Egenkapitalinnskudd KLP		348 719	
<b>Sum</b>		<b>350 719</b>	

**Note 6 Varelager**

Varelageret består av kioskvarer, bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukarante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer.	2019	2018
Opptalt varebeholdning bøker og billetter	109 988	29 505
Ukarans	-4 133	-2 470
<b>Sum</b>	<b>105 855</b>	<b>27 035</b>

**Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum**  
**Noter til regnskapet 2019**

**Note 7 Kundefordringer**

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

<b>Kundefordringer</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Kundefordringer til pålydende	475 761	1 068 528
Oppjente ikke fakturerte inntekter	0	18 333
Avsetning til tap på usikre fordringer	-13 000	-34 500
<b>Sum</b>	<b>462 761</b>	<b>1 052 361</b>

**Note 8 Fordring på prosjektmidler**

Muséet fikk tilslagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2019. Krav på restubetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

<b>Prosjekt</b>	<b>Beløp</b>	<b>Tilskudd gitt av:</b>
Istandsetting bygg 26 (Smia)	360 000	Hordaland Fylkeskommune
Boliden-arkiv	200 000	Arkivverket
Kulturelt Utviklingsprogram	1 400 000	Hordaland Fylkeskommune
<b>Sum tilskudd</b>		<b>1 960 000</b>

**Note 9 Andre fordringer**

Av andre fordringer utgjør til gode merverdiavgift kr 208 892, tilskudd inntektsført 2019 kr 502 259, forskuddsbetalt forsikringer og andre forskuddsbetalte kostnader kr 275 648.

**Note 10 Bundne bankinnskudd**

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 320 040.

**Note 11 Egenkapital**

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2019 og er uendret fra 2004.

	<b>Egenkapital 01.01</b>	<b>Overført til/ fra fond</b>	<b>Årets resultat</b>	<b>Egenkapital 31.12</b>
Stiftelseskapital	260 000	0		260 000
Annen egenkapital	2 357 250	0	415 561	2 772 812
Dispositionsfond	1 331 529	0	0	1 331 529
Fond Vasskrafta.no	4 670	0	0	4 670
Vedlikeholdsford	1 881 235	0	277 472	2 158 707
Nettleigefond - fjernvarme	303 146	0	350 429	653 575
<b>Sum</b>	<b>6 137 829</b>	<b>0</b>	<b>1 043 462</b>	<b>7 181 293</b>

**Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum**  
**Noter til regnskapet 2019**

**Note 15 Pensjonsordninger**

Museet har inngått en pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 16 aktive medlemmer og 7 pensjonister i ordningen pr 31.12.2019. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2019 utgjør denne kostnaden kr 1 294 392 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	19 638 230	20 985 806
Pensjonsmidler	-16 500 836	-16 060 995
Arbeidsgiveravgift	332 564	522 030
Ikke resultatført aktuariell gevinst/ tap	890 666	-1 018 729
<b>Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift</b>	<b>4 360 624</b>	<b>4 428 112</b>

**Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum**  
**Noter til regnskapet 2019**

**Note 12 Periodisering tilskudd**

*Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tyssø:*

Museet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tyssø. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av MY Tyssø som avskrives over 20 år. Det er i 2019 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2019 til kjøp av MY Tyssø utgjør kr 230 000.

**Note 13 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.**

<b>Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Langsiktig gjeld til kreditinstitusjoner	2 090 944	2 153 801
<b>Sum pantsikret gjeld</b>	<b>2 090 944</b>	<b>2 153 801</b>

<b>Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kreditinstitusjoner</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Bygninger, gnr 60 nbr 334	2 898 397	2 984 008
<b>Totalt</b>	<b>2 898 397</b>	<b>2 984 008</b>

<b>Øvrig langsiktig gjeld</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Langsiktig gjeld til Odda kommune	550 000	550 000
<b>Sum øvrig langсiktig gjeld</b>	<b>550 000</b>	<b>550 000</b>

Lån fra Odda kommune er rente og avdragsfritt i 5 år, og forfaller til betaling i sin helhet 30.06.2020.

Kr 1 785 418 av langсiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

**Note 14 Forskudd prosjekter**

Museet har fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2019. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsattp 31.12.2019. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

<b>Forskudd tilskudd</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	2 145 106	1 077 076
Prosjekter som ikke var igangsattp 31.12	489 197	1 154 653
<b>Sum</b>	<b>2 634 303</b>	<b>2 231 729</b>

